



Jnr. 1026.20  
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland  
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune  
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

### **INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND**

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

**fredag 13. mars 2020 kl. 09.30 på Mandelhuset, Tysnes  
(Hegglandsvegen 4)**

#### **Då vert føre:**

- Sak 10/20 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 7. februar d.å.
- Sak 11/20 Framlegg til årsmelding 2019
- Sak 12/20 Framlegg til rekneskap 2019
- Sak 13/20 Framlegg til budsjett 2020
- Sak 14/20 Framlegg til økonomiplan 2020-2023
- Sak 15/20 Framlegg til handlingsplan 2020
- Sak 16/20 Framlegg til revisor
- Sak 17/20 Val av 2 representantar til Sunnhordland Museum
- Sak 18/20 Uttale/støtteerklæring til Sunnhordland Museum
- Sak 19/20 Skriv og meldingar
  - a) Ny dato for møte med fylkestings- og stortingsrepresentantar frå Sunnhordland
  - b) Sunnhordland tingrett
  - c) Felles uttale NTP
- Sak 21/20 Ymse

#### **Tidsplan:**

- Kl. 09.30 Tema:  
Kollektivløyising og ferjetilbod  
Frå fylkeskommunen møter fylkesvaraordførar Natalia A. Golis
- Kl. 10.30 Orientering Alsaker Fjordbruk  
v/ Kristian Råsberg, Alsaker Fjordbruk
- Kl. 11.00 Lunsj og orientering om Mandelhuset og Våge hamn
- Kl. 12.00 Saker til handsaming

Sunnhordland, 9. mars 2020

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 11/20  
GJG/rr

### **FRAMLEGG TIL ÅRSMELDING 2019**

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til årsmeldinga.

#### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek årsmeldinga for 2019 til orientering.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 12/20  
GJG/rr

### **FRAMLEGG TIL REKNESKAP 2019**

Rekneskap for 2019 ligg vedlagt årsmøtesakene. Rekneskapen vert lagt fram med eit underskot på kr. 134 244,-.

Underskotet vert dekkja av annan eigenkapital.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til rekneskapen.

#### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapen for 2019 til orientering.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 13/20  
GJG/rr

### FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2020

Forslag til budsjett for 2020 ligg vedlagt årsmøtesakene.

I møte i Samarbeidsrådet 7. februar vart ein samde om at arbeidsutvalet skulle ha ein gjennomgang av budsjettet og gjera nødvendige tiltak for at budsjettet skal kunna koma i balanse.

Au møte 5. mars vart avlyst. Difor må denne saka drøftast i Samarbeidsrådet utan eit framlegg frå Au.

#### **Vurdering:**

Til representantskapet 6. desember 2019 la administrasjonen fram budsjett for 2020. Budsjettet vart lagt fram med høg grad av eigen inntening. Representantskapet stilte spørsmål til realiteten i dette og ba om at det vart arbeidd meir med inntektspotensiale og at budsjettet vidare vart lagt fram på nytt til representantskapet 24. april.

Etter dialog med revisor har administrasjonen utarbeidd eit samla budsjett for Samarbeidsrådet og Visit Sunnhordland. Prosjekta vert halde utanfor budsjettet, men prosjektoversikt ligg ved.

Administrasjonen har hatt ein gjennomgang for å sjå på mogleg eigen inntening. Administrasjonen ser at ein for 2020 ikkje vil nå kravet som i utgangspunktet var på kr. 637 000,-.

Kommunane løyver i dag kr. 30 pr. innbyggjar til Samarbeidsrådet og kr. 12 pr. innbyggjar til Visit Sunnhordland. Siste justering til Samarbeidsrådet var i 2017 og til Visit Sunnhordland i 2012.

For å finansiera underdekning i framlegg til budsjett føreslår administrasjonen å auka kommunetilskotet til Samarbeidsrådet med kr. 5 for 2020 og at resterande underdekning vert teke frå annan eigenkapital.

Vidare føreslår administrasjonen at kommunetilskotet for 2021 vert auka med ytterlegare 5 kr. pr innbyggjar.

Administrasjonen føreslår at kommunetilskotet vert indeksregulert frå 2021.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Samarbeidsrådet må likevel stå bak innstillinga som styret i Samarbeidsrådet gir til representantskapet.

**Framlegg til vedtak:**

- 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber styret rå Representantskapet til å auka kommunetilskotet med kr. 5,- frå 2020 og kr. 5,- frå 2021 og at kommunetilskotet vert indeksregulert frå 2021.
- 2 Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at styret kan oversende framlagte budsjett til Representantskapet for godkjenning.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 14/20  
GJG/rr

### **FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2020-2023**

Administrasjonen legg med dette fram forslag til økonomiplan for perioden 2020-2023. Forslaget er lagt fram med framlegg om auke i kommunetilskotet for 2020 og 2021.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til økonomiplanen.

#### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek økonomiplanen for perioden 2020-2023 til orientering.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 15/20  
GJG/rr

### **FRAMLEGG TIL HANDLINGSPLAN 2020**

Forslag til handlingsplan for 2020 ligg vedlagt årsmøtesakene.  
Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til handlingsplanen.

#### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek handlingsplan for 2020 til orientering.



## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 16/20  
GJG/rr

### **FRAMLEGG TIL REVISOR**

RSM Norge AS har vore revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland sidan oktober 2005. Det har vore eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom Samarbeidsrådet og revisor.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til at RSM Norge AS fortset som revisor for Samarbeidsrådet i 2020.

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2020.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
TYSNES

Sak 17/20  
GJG/rr

### **VAL AV 2 REPRESENTANTAR TIL SUNNHORDLAND MUSEUM**

Saka var oppe i møte 7 februar. I møte vart det fremja forslag om at saka skulle gå tilbake til arbeidsutvalet som skal leggje fram tilråding til medlemmer som skal veljast av Samarbeidsrådet.

#### **Sak 04/20 frå 7 februar**

*Sunnhordland Museum hadde framlegg til nye vedtekter på høyring våren 2019.  
Samarbeidsrådet vedtok å ikkje gje høyrings svar.*

*Nye vedtekter for Sunnhordland Museum er no godkjent hjå Stiftelsestilsynet (vedtektene ligg som vedlegg).*

#### **§3 Føremål**

*Stiftinga Sunnhordland Museum skal utvikla ein sterk og allsidig kunnskapsorganisasjon, og vera ein profilert samfunnsaktør som gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling bidreg til å utvikla samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtidig i sunnhordlandsregionen.*

*Sunnhordland museum skal leggja vekt på å forstå og formidla eiga historie og eigen kulturarv og dei samanhengane desse går inn i. Ut i frå dette føremålet skal ein driva og utvikla museumsverksemda ved dei samlingane og tiltaka i regionen Sunnhordland museum eig eller har ein samarbeidsavtale med.*

*Verksemda skal leggest opp og drivast etter retningslinjer som er godkjende av offentlege instansar.*

*I høve til val av styret er Samarbeidsrådet tildelt ei rolle:*

#### **§6. Styret**

*Styret er stiftinga sitt høgste organ.*

*Styret skal ha sju medlemmer som vert oppnemnd slik:*

- *Ein medlem med personleg varamedlem vert vald av og mellom dei tilsette.*
- *To medlemmer med personlege varamedlemmer som vert oppnemnde av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.*
- *To medlemmer med personlege varamedlemmer blir føreslått av valnemda, jamf. §8.*
- *To medlemmer med personlege varamedlemmer oppnemnde av fylkeskommunen.*

*Fylkeskommunen sine representanter er oppnemnde for fire år, dei andre for to år. Styremedlemmer føreslått av valnemnda kan ikkje veljast meir enn fem gonger. Styret vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen.*

*Sunnhordland Museum ber om at Samarbeidsrådet har nye medlemmer til styret klart innan 19. februar, då dette er siste møte dag for sitjande styret.*

*Administrasjonen har vore i dialog med valnemnda for å høyra om dei har tankar om samansetjinga av det nye styret både i høve til kompetanse og kjønn.*

I møte i Samarbeidsrådet 7. februar vart det vedteke at arbeidsutvalet skulle sjå vidare på saka og gje ei tilråding til medlemmer som skal veljast frå Samarbeidsrådet. Ettersom arbeidsutvalet 5 mars vart avlyst, legg administrasjonen fram saka på nytt og ber om at kommunane kjem med forslag til medlemmer i møte.

**Valnemnda i Sunnhordland Museum har gjort følgjande innstilling:**

Siri Klokkestuen (Etne), vald for 2 år

Ingrid Fjelberg (Kvinnherad) vald for 1 år

Bror Erik Eriksen (Sveio) personleg vara for Ingrid Fjeldberg, vald for 1. år

Jakob Gullberg (Stord) personleg vara for Siri Klokkestuen, vald for 2. år

**Vestland fylkeskommune har gjort følgjande val**

Medlem Geir Angeltveit, V , Stord

Medlem Gunnar Bakke , FrP

Vara Wenche Tislevoll, H, Fitjar

Vara Kåre Spissøy . MgD , Bømlo

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vel følgjande medlemmer og personlege varamedlemmer til styret i Sunnhordland museum:

- 1      Medlem:  
         Personleg varamedlem:
  
2.      Medlem:  
         Personleg varamedlem:

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 18/20  
GJG/rr

### **UTTALE/STØTTEERKLÆRING TIL SUNNHORDLAND MUSEUM**

I møte i Samarbeidsrådet 5. desember orienterte dagleg leiar i Sunnhordland museum om utbyggingsplanane ved museet. Det vart i møte drøfta om Samarbeidsrådet skal gje ei støtteerklæring til planane og administrasjonen vart beden om å utarbeide eit forslag til uttale.

#### **Framlegg til støtteerklæring i samband med Sunnhordland museum sine planar om nybygg/rehabilitering av Sunnhordlandstunet:**

Sunnhordland museum er regionalt ansvarsmuseum for alle dei 8 kommunane i Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes). Museet har ein viktig regional funksjon med å dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet ivaretek fleire kulturhistoriske tun og bygningar i regionen, m.a. Halsnøy kloster.

Sunnhordland museum sitt administrasjonsbygg ligg sentralt plassert i regionsenteret Leirvik. Bygget rommar utstillings og publikumsareal, gjenstandsmagasin, museumshall og kontorlokale for 9 tilsette ved museet.

Sunnhordlandstunet har store behov for rehabilitering for tryggja gjenstandane som museet forvaltar, for å få betre fasilitetar for å ta imot publikum. Museet har slik det framstår i dag ikkje universell tilrettelegging og stettar heller ikkje forventningane som publikum har til ein kulturinstitusjon i dag. Ei oppgradering på Sunnhordlandstunet vil leggja til rette for at museet kan utvida formidlingstilbodet sitt både til skular og barnehagar, til regionen sine innbyggjarar, og til tilreisande og besøkjande.

Kommunane i regionen ser på Sunnhordland museum som ein viktig kulturinstitusjon for regionen og meiner at museet har ein viktig funksjon for og i regionsenteret Leirvik. Museet tilbyr eit godt kulturtilbod og med si sentrale plassering i er det innanfor akseptabel reisetid for alle innbyggjarane som har Leirvik som sitt regionsenter.

Vidare ser kommunane på Sunnhordland museum som eit viktig tilbod til turistar og tilreisande til regionen og regionsenteret.

Kommunane i Sunnhordland vil med dette stille seg bak søknad frå Sunnhordland museum om tilskot til oppgradering og rehabilitering av «Nye sunnhordlandstunet»

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. mars kl 09.30  
Mandelhuset, Tysnes

Sak 19/20  
GJG/rr

### SKRIV OG MELDINGAR

**a) Ny dato for møte med fylkestings- og stortingsrepresentantar frå Sunnhordland**

Det planlagde møte med fylkes- og stortingsrepresentantane frå Sunnhordland 28 februar vart utsett grunna vinterferie.

Administrasjonen ønskjer at Samarbeidsrådet set dato for nytt møte i løpet av våren.

**b) Sunnhordland tingrett**

Justis- og beredskapsdepartementet har sendt Domstolkommisjonens utredning NOU 2019: 17 Domstolstruktur på høyring, med høyringsfrist 2. mai.

Neste møte i Samarbeidsrådet er 22. mai og dermed etter høyringsfristen. Administrasjonen vil difor utarbeida eit forslag til høyringsuttale som vil verta sendt ut for godkjenning pr e-post innan 28. april.

**c) Felles uttale NTP 2022-2033**

Frist for å koma med innspel til fylkeskommunen vedr. NTP 2022-2033 er sett til 3. april.

Administrasjonen vil utarbeida eit forslag til felles uttale som vert sendt ut for godkjenning pr. mail innan 1. april.

Fylkesordførar Jon Askeland har invitert til innspelsmøte om NTP fredag 27 mars på Radisson Blu hotell på Bryggen kl 10-13. Her vil regionen ha høve til å halde innlegg på inntil 3 minutt til fylkeskommunen sitt høyringsfråsegn til NTP. I møte må ein ta stilling til kven som møter frå Samarbeidsrådet.